

Referat frå FAU- møte Motland skule tysdag 13.3.18

Til stades: Marlen Auestad (vara 1.), Jane Iveland (3.), Ina B Vigre (5.), Frank Jonassen (6.), Lene Jørgensen (vara 7.), Rune Roaldsen (rektor)

Fråfall : Anne Kristine Bekkeheien (2.), representant for 4. (fortsatt ikkje valt)

Saker:

Innkalling og referat godkjent

4/ 18 Tryggare skuleveg, informasjon om kampanjen

Det ligg informasjon på heimesida og på vekeplanane. Mål: å få vekk unødig køyring av elevar til og frå skulen. Om lag 25 % av elevane vart køyrde då rektor talte opp. FAU meiner at dette er eit høgt tal. Mål: halvering av talet. Kampanjen er planlagd i lag med elevrådet. Ein håper på at kampanjeperioden vil skape gode haldningar som ein kan oppretthalde over tid. Dersom ein når målet om 12 % etter 1 månad, blir det pizza og saft til heile skulen!

5/ 18 Høring frå kommunen om særskilt farleg skuleveg

Hå kommune går no våren 2018 gjennom skulevegane i kommunen. Oversikten over farlege skulevegane behandlast politisk før sommaren. Høringsfrist er 1.5.18. Ein ynskjer at skulen v/ rektor, FAU og elevrådet uttalar seg.

Kviakrysset (elevar som kjem frå Rongen. Rongavegen er og heilt mørklagd.) og elevar som bur ved den gamle kyrkja må krysse Store Ring. Her er det ikkje gangfelt. Mange elevar vel å sykle i vegen frå Store Ring ned til skulen. Fortauet er smalt her, og hekkane veks tidvis langt ut. Her bør huseigarane bli bedde om å klippe hekkane. Ein mur på andre sida av vegen, er og sett opp langt ut mot vegen, og kan vere til hinder i ei allereie trong gate. Gangfeltet over Kviavegen rett ved skulen er dårleg merka.

I krysset Urheikorset/ Store Ring kjem syklane i god fart før bakken. Her er det ikkje markert fotgjengarfelt. Det gjeld fleire stader rundt Store Ring, mellom anna ved biblioteket, inngangen til Opstadgata og felte mellom her og Bernervegen mot Varhaug.

Foreldre som vil uttale seg om farleg skuleveg kan ta kontakt med FAU-representanten for sitt trinn. Eller dei kan ta kontakt med skulen ved rektor.

6/ 18 Uteområdet, bruk av midlar

Vi drøfta korleis pengar frå Sandnes Sparebank kan nyttast. Det er hensiktsmessig å leggje dei i saman med overskotet frå diskoteka frå dette skuleåret. FAU gir utegruppa mandat til å forvalte pengane frå Sandnes Sparebank. Frank sjekkar om det er frist for når pengane skal brukast. Utegruppa arbeider vidare med saka, og

elevrådet vert tekne med i drøfting av kva elevane ynskjer at ein skal setje opp av nye apparat/ leker.

Ein drøftar og om det skal setjast opp bom inn mot skulegarden. Elevane leker her på dagtid, men om kvelden blir det brukt til parkering. Her har det skjedd ulukker, og det oppstår ofte uoversiktlege og farlege situasjonar. Ved spesielle anledningar vil bommen kunne opnast.

7/ 18 Eventuelt:

- Innspel frå eit trinn: nokre elevar opplever at det er for lite tid til å ete i kantina. Det vert anbefalt at dei har 20 minutt, her på skulen har ein 15 minutt. Rektor vil ta det opp med lærarane, det er viktig at tida i kantina nyttast effektivt. Dersom ein skal opp til 20 min, må ein begynne å ete tidlegare, og slutte seinare, og timeplanen leggst om. FAU oppmodar til at ein bruker skjønn i høve til at einskilde elevar kan trenge litt meir tid.

- Foreldremøte vår: Opplæringslova seier at ein skal ha eit foreldremøte på hausten, og to utviklingssamtalar. På Motland har ein tradisjon for å ha eit foreldremøte på våren og. Det har gjennom ein klassekontakt blitt stilt spørsmål ved om det er behov for møte på våren. Vi drøfta dette. FAU meiner at det er viktig at møta som blir arrangerte har eit godt innhald, slik at ein opplever å ha nytte av å møte. Tidlegare hadde ein ein plan for temamøte på Motland. Denne har ein gått vekk frå, då det var dyrt å hyre inn foredragshaldarar for fleire trinn kvar vår, og mange foreldre opplevde det lite hensiktsmessig å høyre det att når dei hadde høyrddet på trinnet til eldste barnet. Ein opplever og at det er «nye tider», ein har «nye» arenaer m sosiale media, kanskje er ikkje behovet for møter like stort. Samstundes ser vi at det kan vere vanskelegare å kalle inn til møte når det ikkje er fastsett at det skal vere. Når den faste planen for temamøte no er vekk på Motland, kan det vere aktuelt å arrangere møte (t.d. for fleire trinn) dersom det «dukkar opp» aktuelle emne eller gode idear.

Nærbø 13.3.18

Ina B Vigre, sekretær FAU Motland skule